



HØGSKULEN I VOLDA
Volda University College

Nyhendebrev nr. 12, 23.mars 2023

Nyhendebrev frå rektor til tilsette og studentar ved Høgskulen i Volda.

Redaktør: Rektor Johann Roppen, johann.roppen@hivolda.no.

[Tidlegare nyhendebrev og side for påmelding til nyhendebrevet.](#)

Det kjem ikkje nyhendebrev i veke 13 eller i påskeveka.

Neste nyhendebrev kjem torsdag 12. april.



Høgskulekoret har vårkonsert 29. mars

Høgskulekoret har konsert i Volda kyrkje onsdag 29. mars kl 18:00. Temaet for konserten er «Nord», og koret syng songar frå Noreg, Sverige, Danmark, Finland, Island og Sapmi. Konserten vil vare ein liten time, og det er gratis inngang. Dirigent er Hildegunn Hovde.

[LES MEIR](#)



Jan Henning Egset sluttar som direktør i Sivolda

Direktør Jan Henning Egset har gitt beskjed til styret i Studentsamskipnaden i Volda om at han vil gå av med pensjon til hausten. Egset har vore tilsett i samskipnaden i over 30 år. Samskipnaden vil lyse ut stillinga om kort tid.

[LES MEIR](#)

Studium og studentliv



Deltakarar på eit tidlegare Parkrun frå Årneset.

Parkrun komande laurdag - lågterskel, gratis mosjonsløp

Laurdag 25. mars kl 09.30 blir det ny runde med Parkrun, eit lågterskel og gratis mosjonsløp med start på Årneset og løypa går ca. 2,5 km på grusvegen langs Rotevatnet, og så tilbake til Årneset. Arrangør og kontaktperson er [førsteamanuensis Natalie Donohue](#), AHL. Parkrun er eit internasjonalt opplegg med løp laurdag morgon i mange land, flest i Europa, og Volda er ein av få stader i Noreg der det blir arrangert. [Les meir om Parkrun.](#)

Marte Sørebø Pedersen blir Faddervekeleiar – det trengst fleire fadderar

Studentparlamentet har tilsett Marte Sørebø Pedersen (Barnehagelærer) som leiar for Fadderveka 2023. Saman med seg i styret har ho nestleiar Juliana Endemann (Teater og drama), fadderansvarleg Eirik Emanuelsen (Planlegging og administrasjon) og økonomi og sponsoransvarleg Sondre Fure

(Planlegging og administrasjon). Til no er det ca. 100 studentar som har meldt seg som fadlar, men det trengst endå fleire, særleg frå lærarutdanningane og planlegging og administrasjon. [Les meir om Fadderveka på nettsidene våre.](#)

Studentar misser tilgang til pensumlitteratur frå Nasjonalbiblioteket

Nasjonalbiblioteket har gitt beskjed om at studentar ikkje lenger kan søke om tilgang til digitale bøker som samtidig står på pensumlista. Dette gjeld bøker utgitt etter 2001 og som har såkalla «avgrensa tilgang» i Nasjonalbibliotekets digitale samlingar. Eldre bøker er fritt tilgjengelege. Vitskapleg tilsette ved høgskulen har framleis tilgang til litteraturen, og studentar vil finne aktuelle bøker gjennom søk i databasane, men dei får altså ikkje lenger digital tilgang til pensumbøker frå 2001 og seinare. Under pandemien opna Nasjonalbiblioteket for tilgang til pensumbøker, men no når pandemien er over vert denne tilgangen avgrensa, så studentar må altså belage seg på skaffe seg pensumbøker sjølv.



Alexander Hovdevik: Fotball og lærarstudiar - hand i hand

Alexander Hovdevik trener fotball stort sett kvar dag, men klarer fint å kombinere det med å studere til lærar. Hovdevik meiner fotballen og studeringa forsterkar kvarandre. [Les meir på nettsidene våre.](#)

Møte i Utdanningsutvalet 29. mars

Utdanningsutvalet har møte onsdag 29. mars. På dagsorden står blant anna retningsliner for studieløp ved HVO og endra opptakskrav for studiet Skuleretta samfunnsfag, blant anna å fjerne studieavgifta frå hausten 2023. [Her er alle sakene til Utdanningsutvalet.](#)

Ønsker utsetting av skulepengar for internasjonale studentar

Rektorar ved 21 høgskular og universitet ber om at studieavgift for internasjonale studentar blir utsett. Høgskulen i Volda er blant dei som har signert. [Les omtale av brevet til Stortingets utdannings- og forskingskomitè i Khrono.](#)

Kva skjer i Volda og Ørsta? Sjekk ut nettsida orstavolda.no

På nettsida orstavolda.no er det ein veldig brei og oppdatert [kalender med oversyn over arrangement i Volda og Ørsta innanfor kultur- og idrett](#). Ørsta Næringskontor er [ansvarleg for nettsida](#) som også tek i mot tips og informasjon om arrangement.

Menyen i kantina neste veke

Måndag: Vegobollar med fløtesaus og potetmos (også vegan)

Tysdag: Gratinert torsk med bacon og gulrot

Onsdag: Pasta med kyllingfajitas

Torsdag: Potetball med tilbehør

Fredag: Tacobuffé

Fag og forskning

SEANSE har fått kr 325.000 i støtte til mentorordning

[SEANSE - Senter for kunstproduksjon](#) ved Høgskulen i Volda har fått tilsagn på ei løyving på kr 325.000 frå Møre og Romsdal fylkeskommune til å utvikle ei mentorordning for kunstfeltet. Gjennom prosjektet vil Seanse søkte utvikle, styrke og formalisere ei mentorordning for kunst og kulturprosjekt for barn, unge og andre. Målet er å tilby ei mentortjeneste til kunstnarar, kunst- og samfunnsinstitusjonar på kommunalt, regionalt og nasjonalt nivå for å styrke kvalitet og innretning mot målgruppene. I vurderinga av søknaden frå SEANSE skriv fylkeskommunen at prosjektet er i tråd med fylkesstrategien for kultur, frivillig sektor og arenaer. [Førsteamanuensis Marit Ulvund](#), AKF, er senterleiar for SEANSE.

Nasjonal forening for førstelektorar og dosentar: Fondevik var med

[Dosent Birgitte Fondevik](#), AHL, har vore med i interimsstyret som har arbeida med å få etablert ei nasjonal forening for førstelektorar og dosentar. Den 16. og 17. mars 2023 arrangerte interimsstyret ein konferanse på Universitetet i Agder. Konferansen vart avslutta med ei konstituerande generalforsamling der det vart valt eit styre for den nye foreninga. Til saman deltok ca. 85 førstelektorar og dosentar fra ulike institusjonar på konferansen. Føremålet med foreninga er følgjande:

"Foreningen skal fremme og utvikle førstelektor-dosent-stillinger som karrierevei for ansatte i universitets- og høgskolesektoren i Norge. Det innebærer å ivareta og styrke betydningen av forsknings- og utviklingsarbeid, særlig rettet mot pedagogisk, yrkes- og profesjonsfaglig virksomhet. Foreningen skal representere førstelektorar og dosentar i utdanningspolitiske fora, og bidra til å fremme og synleggjøre disse gruppenes kompetansar og karriereutviklingar."

Nasjonalt er det ca. 1.000 førstelektorar og ca. 200 dosentar ved høgskular og universitet. Ved Høgskulen i Volda er det i dag ca. 25 førstelektorar og 5 dosentar.

Dei som ønsker å vite meir om foreninga kan ta kontakt med [Birgitte Fondevik](#).

Vil forske på samanhengen mellom romsans, hukommelse og beslutningstaking

[Førsteamanuensis Øyvind Arne Høydal](#), AHL/Realfag har søkt Forskningsrådet om FRIPRO-midlar til unge talent med prosjektet Rolla til entorhinal-prefrontal kommunikasjon i beslutningstaking. Formålet med prosjektet er å auke forståinga av korleis informasjon blir overført frå entorhinal cortex (EC) – eit hjerneområde som spelar ei viktig rolle i romleg prosessering og episodisk minne – til prefrontale cortex (PFC) og korleis dette kan påverke avgjerdsprosessar i PFC. EC og PFC har ulike, men komplementære funksjonar i minnet, og begge områda er sårbare for patologi. Målet er å bruke denne innsikta til å utvikle nye tilnærmingar for å studere utviklinga av nevrodegenerative sjukdommar som Alzheimer og frontotemporal demens. På lang sikt kan dette bidra til å leggje grunnlaget for nye behandlingmetodar.

Sæther har blitt medlem av akademisk komite ved spansk universitet

Professor Knut-Willy Sæther, AHL/IRL har takka ja til å vere medlem av "Den akademiske komitè":

[Chair of Science, Technology and Religion, Comillas Universidad Pontificia, Madrid.](#)

Faglege arrangement - og fristar

Tilsette blir oppmoda til å legge ut informasjon om interne seminar og faglege arrangement på kalenderen på www.hivolda.no.

FoU-stipend for 2024: Søknadsfrist 23. mars

Forskningsleiar Henriette Hafsaas har invitert tilsette til å søke på FoU-stipend for året 2024, og søknadsfristen er 23. mars 2023. Det blir lyst ut inntil 10 FoU-stipend, kvar på kr 300.000, og retningslinene er som for tidlegare år. Det betyr blant anna at søkarar må avklare med næraste leiar praktiske sider ved frikjøpet. Avdelingane vil også kvalitetssikre søknadene før dei blir handsama i Forskningsutvalet 21. april. [Meir informasjon om ordninga, søknadsskjema og retningsliner for FoU-stipend.](#)

Ope seminar: "Å formidle det ufattelige". Mediene og Holocaust - 29. mars

Avdeling for mediefag og Avdeling for samfunnsfag og historie arrangerer i fellesskap seminaret ""Å formidle det ufattelige". Mediene og Holocaust" i Store BK onsdag 29. mars kl 13-15.30. Seminaret er ope for alle. Første post på programmet er filmskapar [Elsa Kvamme](#), Alert Film, som skal fortelje om filmen "[Ingen hverdag mer](#)" som handlar om [Ruth Maier](#) og [Gunvor Hofmo](#). Filmen blir også synt i Store BK før seminaret med start kl 11.50. Andre bidragsytarar på seminaret er [førstelektor Elisabeth Teige](#), ASH, [førsteamanuensis Endre Eidså Larsen](#), AMF og [professor Inger Marie Okkenhaug](#), ASH.

Seminar: Erfaringsutveksling om opplæring i akademisk skriving - 30. mars

Alle på HVO som driv/har drive/skal drive med opplæring i akademisk skriving er inviterte til seminar med tittelen: "Erfaringsutveksling om opplæring i akademisk skriving" på Kaarstad 204 ("Gamle festsal"). Det blir mange korte innlegg med rom for spørsmål og samtale. Initiativtakarar/arrangørar er [Elin Gundersen](#), [Roar Stokken](#) og [Jostein Garcia de Presno](#). Ta kontakt med ein av arrangørane for informasjon om arrangementet.



Fjorårets prisvinnar: Helga Synnevåg Løvoll.

Nominer kandidatar til FoU-prisen innan 15. mai

Fram til 15. mai kan tilsette og studentar ved HVO nominere kandidatar til FOU-prisen for 2023. Prisen blir tildelt av høgskulestyret, og blir delt ut på Forskingsdagane 22. september 2023. Her er [informasjon om prisen, retningslinjer for tildeling og tidlegare prisvinnarar](#). Dei som ønsker å nominere nokon klikkar på lenke til nettskjema som vart sendt ut i e-post frå rektor 22. mars.

Læringsverkstaden: Utviklingsmidlar til studentaktive lærings- og vurderingsformer - løpande frist

Høgskulen i Volda ønsker å ha eit variert og nyskapande læringsmiljø med høg kvalitet, som det står i strategiplanen. Eitt tiltak for å nå dette målet er å tildele midlar til prosjekt innan studentaktive lærings- og vurderingsformer, og [Læringsverkstaden](#) inviterer tilsette på HVO til å sende søknader om midlar til prosjekt. Prosjekta kan maksimalt få kr 50.000, og søknadene vert handsama etter kvart som dei kjem inn. [Meir informasjon om utlysinga er i nyhende-brev frå Læringsverkstaden](#).

Styre og stell

Store auditorium skal fornyast for 4 millionar

Høgskulen skal i sommar pusse opp Store Auditorium i Berte Kanutte-huset. Arbeidet startar 11. mai og skal vere ferdig til studiestart i august 2023. Auditoriet skal målast, stolane skal få nytt trekk og golvet skal pussast. Det skal også inn nytt teknisk utstyr. Den samla kostnaden er på ca. 4 millionar kroner. Det er mange lokale leverandørar til prosjektet. Blant dei er Feel Free Production (Stryn), Tussa Installasjon og møbelstoffet kjem frå Innvik.

Kaarstad-vegen blir forkøyrsvog

Volda kommune planlegg å gjere Kaarstad-vegen om til forkøyrsvog og vil også sette ned fartsgrensa til 40 km/t.

Vil ha fellesmøte med studentane og næringsforumet

Høgskulen i Volda har i mange år hatt ein felles møteplass med Volda kommune og Studentsamskipnaden. No ønsker kommunen og høgskulen å inkludere studentane og Volda næringsforum på denne møteplassen og tek sikte på å ha eitt årleg fellesmøte for alle aktørane.

Nytt om namn

Vi vil gjerne sjå deg: Legg inn bilde på nettsida di på www.hivolda.no

Det er mange tilsette som har teke til i stilling på HVO no i haust. Alle tilsette får automatisk ei personleg side på www.hivolda.no. Alle tilsette blir med dette oppmoda til å legge inn bilde av seg sjølv på den personlege sida, så blir det lettare å bli kjent med mange nye ansikt. [Her er rettleiing til korleis ein skal oppdatere si personlege side.](#)

Fagleg opprykk: Natalie Donohue har vorte førsteamanuensis

[Natalie Ann Donohue](#), AHL/Engelsk, har fått fagleg opprykk til førsteamanuensis. Donohue disputerte ved University of Leeds i 2021.

Voldarektor er rektorkandidat ved Høgskolen i Molde

Rektor Johann Roppen er ein av tre kandidatar i rektorvalet ved Høgskolen i Molde. Vitenskapelig høgskole i logistikk. Valet skal skje i slutten av april. [Les meir i Panorama, nettavisa ved Høgskolen i Molde.](#)

Publisering og formidling

Send gjerne tips!

Det er veldig kjekt å melde om nye publiseringar og formidling i nyhendebrevet, så send meg gjerne informasjon om ei bok, ein tidsskriftartikkel, ein kronikk eller anna du har fått publisert, og skriv gjerne også ei setning eller to om kva publiseringa handlar om. [Hugs også på å registrere publiseringane dine i Cristin.](#)

Hugs også å legge ved lenke til publiseringa

Nye rapportar, studentoppgåver og andre arbeid

Arkivet "Bravo" er Høgskulen i Voldas nettstad for formidling av bachelor- og masteroppgåver, forskingsrapportar og andre arbeid. Arkivet er gratis tilgjengeleg for alle på nettsidene til biblioteket ved Høgskulen i Volda. [Nye bidrag i Bravo finn du her.](#)

Pareliussen og Gjøsdal i "Norsklæraren"

[Høgskulelektor Isabella Rubie Pareliussen](#) og høgskulelektor Guro Kristin Gjøsdal, begge Nynorsksenteret, har [kvar sin artikkel i siste utgåve av Norsklæraren, nr 1-23](#). Pareliussens artikkel har tittelen: "Håper du har plass til dialog, elevstemmer og utforsking i undervisninga di". Gjøsdals artikkel har tittelen: "Samlesing («shared reading») i nynorskopplæringa".

Ledige stillingar

[Sjå alle ledige stillingar på nettsidene våre.](#)

[Førstekonsulent i studieadministrasjonen, engasjement \(1-2 stillingar\)](#) - søknadsfrist 23.3.2023

[Ferievikarar SiVolda – Reinhold / Resepsjon / Grasklipping og vedlikehaldsarbeid](#) - søknadsfrist 27.3.2023

[Førsteamanuensis/førstelektor/høgskulelektor i friluftsliv](#) - søknadsfrist 11.4.2023

[Stipendiatstillingar i helse- og sosialfag](#) - søknadsfrist 15.8.2023

Møte, seminar og anna på HVO:

[Oversyn over møte og sakspapir til sentrale råd og utval ved HVO.](#)

Faglege og sosiale arrangement og hendingar på og ved HVO:

Våren 2023:

23.-24.3.2023: [Skuleleiarkonferansen](#), Molde

28.3.2023: [Høgskulestyret](#) (omframt styremøte i Ålesund)

29.3.2023: [Konsert med høgskulekoret](#)

29.3.2023: [Tekst og tanke](#), biblioteket

29.3.2023: [Ope seminar: "Å formidle det ufattelige" - Media og holocaust](#), HVO - Store BK

30.3.2023: [Næringskonferansen for Søre Sunnmøre](#), Ørsta

20.-23.4.2023: [X2-festivalen](#)

11.-12.4.2023: AKF Avdelingsseminar

26.4.2023: [Tekst og tanke](#), biblioteket

3.-4.5.2023: Styreseminar og [møte i høgskulestyret](#)

4.-7.5.2023: [Den norske dokumentarfilm-festivalen](#)

25.-26.5.2023: [NOA - Nasjonal konferanse om norsk som andrespråk](#), HVO

31.5.2023: [Tekst og tanke](#), biblioteket

31.5.-1.6.2023: AMF Avdelingsseminar

15.6.2023: [Høgskulestyret](#) (siste i styreperioden)

20.-21.6.2022: [Fjordkonferansen](#), Loen

Hausten 2023:

1.8.2023: Ny fireårsperiode for styre, rektorat og 3 dekanar

15.8.2023: [Studiestart studieåret 2023-2024](#)

4.-9.9.2023: [Sunnmøre Kammermusikkfestival](#)

7.9.2023: [Høgskulestyret](#)

[Animation Volda](#)

26.-27.10.2023: [Høgskulestyret \(seminar og styremøte\)](#)

7.12.2023: [Høgskulestyret](#)

Våren 2024:

7.3.2024: Høgskulestyret

8.5.-9.5.2024: Høgskulestyret (styreseminar og styremøte)

30.6.2024: Høgskulestyret

Faste lenker:

LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA

<https://www.hivolda.no/stilling>

REKTORBLOGGEN

9.3.2023: [Orientering til høgskulestyret, mars 2023](#)

[Alle innlegga på rektorbloggen](#)

KVA SKJER I VOLDA OG ØRSTA?

[Rokken](#)

ØrstaVolda.no

HVO PÅ SOSIALE MEDIA MM.

[Finn-ein-forskar-på-HVO](#)

[Tiktok](#)

[Facebook](#)

[Instagram](#)

[Youtube](#)

[Finn-ein-forskar](#)

[HVO-blogger](#)

[Nynorsksenterets blogg](#)

[Fjordkonferansen](#)

[Løpande oppdatering av straumproduksjonen i solcelleanlegget \(Berte Kanutte-huset\)](#)

[Offentleg journal \(postliste\)](#)

[Nye bøker i HVO-biblioteket](#)

STUDENT- OG ØVINGSMEDIA:

[Knaggen](#) (portal for studentmedia)

[Studentradioen](#)

[StudentTV](#) - Sjå også [Youtube-kanalen](#)

[Radio Volda](#)

[Nærsynet](#)

[Nærnett](#)

Høgskulen i Volda

Tlf: [70075000](tel:70075000)

E-post: postmottak@hivolda.no

[Personvern](#)



[Endre kontaktinfo](#)

[Meld deg av e-postlista](#)